
Fra: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Sendt: 4. september 2015 08:01
Til: korne-ma@online.no; andmich@online.no; Martin Soltveit
Kopi: Moen Kari Elster (kari.elster.moen@vegvesen.no);
sindre.lillebo@vegvesen.no; Jon Askeland; Jarle Landås; Tonje Nepstad
Epland; Postmottak Radøy
Emne: Svar frå Statens vegvesen på ynskje om trafikktejing samt krav om auka tiltak
frå 10 m grense til veg.
Vedlegg: 20150903080506498.pdf; IMG_2597.JPG; IMG_2615.JPG

Til Styret I Radøy skyttarlag v/ Kornelius Manger og til ordførar og rådmann i Radøy kommune.

Vedlagt svar frå Statens vegvesen på ynskje om trafikk telling på fv411 forbi skytebana, samt brev med tilråding om ekstra tiltak mellom stabbesteinar og fv411.

Som ansvarleg søkjar må eg be Radøy skyttarlag om og respektere svaret frå Statens vegvesen og vedtak i Radøy kommune.

Meiner likevel det er på sin plass og stille spørsmål ved graden av tiltak det vert tilrådd og utføre i området mellom 10m grense og fv411. I tidlegare brev er avstand og krav/tilråding grunna med trafikkfaglege vurderingar og fare for utforkøyring. Vi meiner at reell fart på staden samt lite trafikk tilseier at risiko for ei ulukke er svært låg og at kravet ikkje står i forhold til praksis langs fylkesveg/riksveg generelt. Her på fv411 har strekninga mellom Sletta ved Utvandrarsenteret og til krysset på Helland mange farlege svingar, utkøyringar, dårleg/manglande sikring. Spesielt ved fotballbana/Samfunnshuset der det ofte er større samlingar av folk. Bruken av skytebana er i vedtektene avgrensa til tre dagar/kveldar pr veke, samt søn- og helligdagar i samband med stevner.

For ein del av området mellom 10m grense og fv411 bør det være tilstrekkelig med ei rekkje av stor stein (tilsvarande det som er plassert) for og halde på plass tilbakefylt jord. Dette gjeld ein avgrensa lengde av parkeringsplassen. Mellom fv411 og nedkøyring til parkeringsplassen er det ikkje utført sprenging eller graving. Der er grøfta urørd slik det går fram av vedlagt bilde. Høgdeforskjellen mellom fv411 og parkeringsplass i svingen er liten (ca 2 meter). Stykket mellom vegskulder og skjæring på denne staden er om lag 5-6 meter. Det er fjellgrunn og fare for utgliding/ ustabile massar frå vegen er liten. Eksisterande støypekant her er låg og ser ut for å trengje opprusting. Dette kan jo eventuelt kombinerast med ny støypekant, eller rekkverk, gjennom heile svingen.

Det er kommunen som har planmynde her og vi oppmodar kommunen om å bruke sunn fornuft eller om ein vil, sunt bondevit, når det vert tatt ei avgjerd.

Med vennlig hilsen

Ing. Taule AS

Kvassnesveien 33 – 5914 Isdalstø

Tlf. 56 35 85 55- Faks 56 35 85 56



TAULE
ING. TAULE AS

Karl Atle Taule

Daglig leder

Mob. 908 66 010

atle@ing-taule.no